

Saksprotokoll i Klagenemnda - 26.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedtek.

Vedtak

Klagenemnda gir løyve til at Metodistkirken i Norge/ Centralkirken i Bergen får sette i gang med graving i Vetrldsalmeningen for å reparere brot på spillvasslending. Løyve til graving vert gjeve under føresetnad at graving finn stad innanfor 4 veker og oppstart i oktober 2014, i ein periode då det ikkje er gjeve løyve til stenging av trafikken over Bryggen. Før graving vert iverksett må alle løyver frå Riksantikvaren vere på plass. Vidare må avtale om tidspunkt for gravestart vere innhenta av Statens vegvesen.